



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 5/2016

Møtedato: 27.1.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

Småviltjakt – prinsipp om forvaltning

Fjellstyret har vedteke følgjande hovudprinsipp for salg av jaktkort i 2015:

- *Det skal gjennomførast taksering av rypebestanden i august. Resultatet frå taksering skal vera avgjerande for om det skal opnast for jakt på rype. Kyllingproduksjonen må vera over 2,5 kylling per høne og ein skal vurdere storleiken på den totale bestanden. Uttaket skal ikkje vera større enn ca 15% av registrert lirypebestand.*
- *Fjellstyret avgjer etter taksering sesonglengde og kvoter for jakt.*
- *Det skal være en rimelig fordeling mellom innan- og utanbygds jegerar for jakt utan hund. Fjellstyret avgjer etter taksering om det blir tillate å jakte med fuglehund for utanbygds.*

Nærare utgreiing om bakgrunn for reguleringane går fram av saksutgreiing til vedtak 10/2015. Fullstendige jaktreglar går fram av tabell under.

	Fritt eller avgrensa salg	Jaktkort- type	Kode	Kortperioder	Oversikt over villt som kan fellast					Merkead		
					Rovvilt	Andringdue	Rype	Orrfugl	Storfugl		Hare	
Innan- og utanbygds- buande	Fritt salg	rovvilt m m	-	01.1-31.12	ja	nei	nei	nei	nei	Gjeld felleskort for det meste av V.Slidre, kortet er til salgs på www.inatur.no		
		and og ringdue	-	21.08-14.09	ja	ja	nei	nei	nei	Sesong: 21.8-14.9		
Utanbygdsbuande	Begrensa salg, søknadsfrist 1.4. Tallet på kort blir bestemt etter taksering	småviltjakt u/hund	S1	15.9-19.9	ja	ja	nei	ja	nei	ja	Hare- og orrfugljakt: 15.9-24.9 + 5.10-14.12	
			S2	20.9-24.09	ja	ja	nei	ja	nei	ja	Hare- og orrfugljakt: 15.9-24.9 + 5.10-14.12	
		fugljakt mhund	F1	15.9-19.9	ja	ja	nei	ja	nei	nei	Rypa er freda i 2015.	
			F2	20.9-24.9	ja	ja	nei	ja	nei	nei	Rypa er freda i 2015.	
		orrflugljakt mhund	O1	15.9-19.9	ja	nei	nei	ja	nei	nei	Jakt på orrfugl gjeld berre i eige felt for orrfugljakt.	
			O2	20.9-24.9	ja	nei	nei	ja	nei	nei	Jakt på orrfugl gjeld berre i eige felt for orrfugljakt.	
	treningsskort for fuglehund	T1	15.9-19.9	nei	nei	nei	nei	nei	nei	Kort gjeld kun for trening med fuglehund og det er ikkje lov ha med våpen		
		T2	20.9-24.9	nei	nei	nei	nei	nei	nei	Kort gjeld kun for trening med fuglehund og det er ikkje lov ha med våpen		
	Fritt salg	Fritt salg	orrflugljakt mhund	-	15.10-14.12	ja	nei	nei	ja	nei	nei	Jakt på orrfugl gjeld berre i eige felt for orrfugljakt
				-	5.10-1-4	nei	nei	nei	nei	nei	nei	Kort gjeld kun for trening med fuglehund og det er ikkje lov ha med våpen
harejakt mhund			-	15.10-14.12	ja	nei	nei	nei	nei	ja	Jakt er berre tillete med harehund.	
			-	5.10-14.12	ja	nei	nei	nei	nei	ja	Jakt er berre tillete med harehund.	
Innanbygdsbuande	Fritt salg	småviltjakt u/hund	-	15.9-14.12	ja	ja	nei	ja	nei	ja	Hare- og orrfugljakt: 15.9-24.9 + 5.10-14.12	
		småviltjakt mhund	-	15.9-14.12	ja	ja	nei	ja	nei	ja	Hare- og orrfugljakt: 15.9-24.9 + 5.10-14.12 Trening med fuglehund: 15.9-24.9 + 5.10-1-4	
		treningsskort for fuglehund	-	15.9-24.09 + 5.10-1-4	nei	nei	nei	nei	nei	nei	Kort gjeld kun for trening med fuglehund og det er ikkje lov ha med våpen	

- Kvoter og sesonglengde på orrfugl/rype blir bestemt etter taksering
- Dagskvote og sesonglengde kan endrast i løpet av sesongen og jegerane pliktar fortlepande å gjera seg kjend med jaktreglane via www.vestre-slidre-fjellstyre.no
- Alle jaktkort gir rett til jakt/fangst på rovdyr, villmink, kråke, ravn og måke i tida for jaktøyvet.
- Fangstfeller skal merkast med namn & adresse. Skotpremie på smårovvilt, utbetaling på lensmannskontor.
- Gratis jakt for ungdom tom20 år, jeger må søke om jakt på vanleg måte
- Bruk av laus hund er ikkje tillete 1.4-14.9
- Ved andejakt er det berre lov å bruke vassapporterande hund somferast i band utanom ved appotering
- Ved fuglehundtrening er det ikkje lov ha med våpen
- Bruk av harehund er ikkje tillete i tida 25.9-4.10

- Jaktkortet gjeld berre innanfor jaktidsrammene for dei ulike artane som DN har fastsett
- Jaktkortet er personleg, men ungdom mellom 14 og 16 år under opplæring kan overta opplæringsjeger sitt jaktkort. Opplæringsjeger kan då ikkje jakte.
- For jaktkort med hund er det berre lov å bruke ein hund pr. jaktkort.
- Jeger med kort for jakt utan hund kan ikkje jakta saman med andre som brukar hund.
- I periode med fritt salg av jaktkort skjer dette via www.inatur.no og kortseljar, salg til innanbygds skjer berre ved kortseljar. Oversikt over salglassar på fjellstyret si nettside.
- Jaktstatistikk frå siste år ligg på fjellstyret si nettside, sjå årsmelding for det enkelte år
- Innanbygdsbuande er dei som det siste året har vore fast busette i Vestre Slidre kommune
- Innanbygds betalar 50 % av kortprisen som depositum for jakt rapport, depositum blir utbetalt ved retur av utfyllt jakt rapport innan fastsett frist.
- Alle pliktar å sende jakt rapport innan 5 dagar, gjeld også for perioden med fritt salg

Nærare utgreiing om bakgrunn for reguleringane går fram av saksutgreiing til vedtak 10/2015. Systemet har fungert godt og det er naturleg å vidareføre dette som ei fast ordning inntil vidare.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag og Vestre Slidre kommune er bedt om uttale til saka.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vidarefører ordning frå 2015 som ei fast ordning inntil vidare.

Vestre Slidre jeger og fiskarlag har den 22.1.16, etter saksutgreiing var sendt tilfjellstyret, kome med følgjande merknader:

Hovedprinsippet for salg av jaktkort i 2015 bør kunne videreføres som generelt prinsipp inntil vidare.

Taksering og en vurdering av bestanden bør kunne gi informasjon om det er grunnlag for jakt og hvilket omfang jakta kan ha uten at bestanden settes i fare.

Det er registrert noe ulovlig jakt, spesielt fuglejakt i områder som har vært fredet for slik jakt og rypejakt selv om rype har vært fredet. Slik har laget sett behov for økt oppsyn

Vedtak:

Fjellstyret vidarefører ordning frå 2015 som ei fast ordning inntil vidare.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 27.1.16

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag
Vestre Slidre kommune